

Sakliste til instituttstyremøtet 1. september 2010

Møtestad: Møterom 342, Christiesgt. 13.

Møtetidspunkt: kl. 09.00-11.00

I

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

II

PROTOKOLL FRÅ INSTITUTTRÅDSMØTE DEN 11. AUG 2010

III

FULLMAKTSAKER

IV

ORIENTERINGSSAKER

- Kick-off for instituttet
- Møteplass for programstyrarar, forskingsgruppeleiarar og instituttleiinga
- Budsjett og rekneskap Institutt for pedagogikk – status
- Førespurnader frå eksterne phd-søkarar som ønsker rettleiing – retningslinjer
- Høyringsinnspel til Organisering av Universitetsbiblioteket
- Høyringssaker – rutiner ved fakultetet
- Plan for utviklingssamtaler tilsette ved instituttet
- Styringsdialogmøter for forskingsgrupper og programstyrer på instituttnivå
- Retningslinjer disputasavvikling

V

NYE SAKER I DETTE MØTET

15/2010 LØYVING EKSTRA MIDLAR FORSKINGGRUPPER:

Kvar av dei fem nye forskingsgruppene fekk etter vedtak i instituttrådet 31. mai som oppstartskapital vidarefordelt 30 000 kroner frå såkornsmidlene til PLP. I tillegg kunne desse forskingsgruppene søke instituttet om ytterlegare midlar til definerte behov eller prosjekt. Frist for å søke om ytterlegare midlar vart satt til 20. august 2010. Invitasjon til å søke vart sendt ut til forskingsgruppeleiarane like i etterkant av møtet, med påminning i forkant av søknadsfristen. Innan fristen kom de inn tre søknader i storleiken 13 000, 30 000 og 60 000 kroner. PLP har pr. 26. august 262 000 kroner i ufordelte såkornmidler. Søknadane er vedlagt.

Forslag til vedtak:

Det blir løyvd ekstra midlar alle tre søknadane. Forskingsgruppa KUD får tildelt dei 13 000 som den søker om. Forskingsgruppene UP og Bildung, kunst og pedagogisk filosofi får løyvd 30 000 kroner kvar. Justeringa i høve summene som blir løyvd og det blir søkt om for desse to søknadane tek utgangspunkt i at eigenandelen frå tidlegare løyvde midlar blir lik for baae gruppene – 30 000 kroner.

16/2010 Eventuelt